



Joril Viken Sandnes, seksjonsleiar gynekologisk poliklinikk
Anne-Ma Frimannslund, konst. leiar anesthesiavdelinga
Evelyn Stavang, seksjonsleiar kir/ØNH/auge sengepost
Mari Veien Teige, ass. avd.sjef AAM
Helene Sæterdal, seksjonsleiar AMK
Stian Sægrov, ambulansesjef
Margunn Holme, seksjonsleiar kjevekir. poliklinikk
Ingri Holvik Morken, seksjonsleiar ØNH poliklinikk
Reidunn Bergheim, seksjonsleiar operasjon
Reidun Hauge, seksjonsleiar kirurgisk poliklinikk
Kjellaug Fredly, seksjonsleiar KK/gyn/fødeavd.
Janne Beate Skudal Sunde, seksjonsleiar augepoliklinikk
Wenche H. Vallestad, seksjonsleiar intensiv/oppvåkning
Tom Nordstrand, seksjonsleiar AAM Lærdal
Britt Iren Helle, seksjonsleiar sterilsentralen

Vår ref: (oppge ved kontakt)
2016/3255 - 20553/2017

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Agnes Landstad,
mobil 91546610

Førde,
20.06.2017

Svar på brev frå seksjonsleiarar i Helse Førde til Helse Vest v/styreleiar Terje Vareberg

Vi viser til dykkar brev datert 5.5.17 sendt til styret i Helse Vest RHF v/styreleiar Terje Varberg. Helse Vest har 11.5.17 vidaresendt brevet til styret i Helse Førde som rette mottakar.

Engasjerte og ansvarsfulle leiarar er avgjerande i vår organisasjon, både i drifta og i utviklingsarbeidet. Aktiv medverknad og deltaking i prosessane frå medarbeidarar i ulike yrkesgrupper og funksjonar, vil alltid gje betre løysingar. Difor er det viktig med engasjement, openheit og dialog.

Bakgrunnen for den omtalte mangelen på tillit, er dei forslag til midlertidig organisasjonsendring som vart føreslege frå føretaksleiinga sommaren 2016, og lagt bort medio september.

Styret mottok som kjent varsling mot ein leiar i november 2016 og sette i gang oppfølging i samsvar med prosedyre ved hjelp av eksterne konsulentar med rammeavtale med Helse Vest. Styret fekk brev frå FTV om mistillit til leiinga noko seinare. Desse påstandane hadde delvis overlapp med varslingsaka, og styret valde å inkluderte undersøking av påstandar om brot på lov- og avtaleverk i mandatet til konsulentane. I arbeidet vart det gjort ein grundig gjennomgang av epostar, referat, presentasjonar og intervju med 50 personar, med kontradiksjon. Faktagjennomgangen viste ikkje brot på lov eller avtaleverk, men tydeleggjorde lærings- og utviklingspunkt for leiinga og organisasjonen. Styret handsama rapporten 27. januar og ba styreleiar og administrerande direktør om å følge opp læringspunkta.



Som oppfølging av dette har ein arbeidd med fleire tiltak som har som mål å betre samhandlinga mellom føretaksleiinga og dei tilsette. Det er mellom anna gitt utvida frist på arbeidet med tenesteutviklinga, saklister og møtedokument til føretaksleiinga er gjort tilgjengeleg på intranett, heile føretaksleiinga deltek i møte med tillitsvalde/vernetenesta, dei stadlege leiarane er med i føretaksleiinga, det er informert om pasientens helseteneste på fredagsmøte og i felles klinikkråd, og administrerande direktør har gjennomført samtalar med alle avdelingssjefane for m.a. å få innspel på korleis ein kan arbeide betre saman. Det blir i tillegg jobba vidare med ei rekkje andre tiltak.

Styret har forstått at måten prosjektet vart organisert og kommunisert på i fjor sommar/haust m.a. førte til at nokre opplevde at dei kunne stå utan jobb, og at mange følte med dei som opplevde det slik. Vi forstår at dette har vore krevjande for dei som var berørte.

Styret har også registrert at føretaksleiinga v/administrerande direktør ved fleire høve har beklaga dette og teke ansvar for den opplevinga mange har hatt.

Styret vil samstundes understreke at prosessen som utløyste uroa vart lagt vekk for over 8 månader sidan. Styret behandla faktagjennomgang og valde retning vidare i januar. Etter innspel frå Legeforeninga vart saka igjen gjenstand for ny handsaming på styremøtet i april 2017, med same konklusjon.

No er det vårt felles ansvar å arbeide vidare. Som de er kjende med, er dei økonomiske utfordringane store, og det krev at vi tenker nytt og omstiller tenestene. Bakteppet er endringar i rammevilkår og auka endringstakt for å yte moderne og framtidsretta tenester. Samtidig må føretaket skape eit nødvendig økonomisk overskot for å kunne realisere moderniserings- og utbyggingsplanane i Førde. Styret ser det difor som viktig at de som seksjonsleiarar i brevet understrekar vilje og evne til omstilling og endring. Det er eit særtrekk ved Helse Førde at vi har greidd å omstille og endre tenestene og strukturane. Dette har gjeve oss god nasjonal merksemd for kvaliteten i tenestene. Denne endringskompetansen som ligg i organisasjonen, er avgjerande for at vi også i framtida skal yte trygge og gode tenester, samt vere ein god arbeidsplass .

Styret har difor også oppfordra alle om å arbeide for i fellesskap å løyse dei drifts- og utviklingsoppgåvene som ligg framfor oss, til beste for pasientane og for tilsette i Helse Førde. Vi har som leiarar eit særleg stort ansvar både for tenestene og for arbeidsmiljøet. Styret i Helse Førde ønskjer dialog og medverknad i organisasjonen. Vi verdset engasjement for å skape gode tenester og gode arbeidsplassar og oppmodar alle om å nytte kompetansen og engasjementet til å ta del i prosjekt og utviklingsarbeid i Helse Førde. Her blir framtida for tenestene og arbeidsplassane forma.



I brevet dykkar seier de m.a. at "Gode samhandlingar mellom leiing og tilsette er det som kan få fram gode kvalitetar og gjer at ein yter sitt aller beste." Dette er vi samde i og vi arbeider for at dette samspelet skal bli godt i heile helseføretaket. Når administrerande direktør Jon Bolstad no har valt å orientere seg mot nye utfordringar utanfor Helse Førde, vil styret bruke tid på å få på plass ein ny toppleiar. Det er ei av styret sine viktige oppgåver for å legge til rette for at Helse Førde skal vere ein god arbeidsplass og halde fram med å yte tenester av høg kvalitet til innbyggjarane våre, også når utviklingstakta aukar og krava til tenestene endrar seg.

Vennleg helsing

Agnes Landstad
styreleiar i Helse Førde HF